STATENS NATUR OPPSYN

Rapport 36 - 2005

Oppsynsrapport for villreinjakta

i Setetesdal- Ryfylke-, Setesdal-Austhei- og Våmur-Roan villreinområde i 2006



SNO, Direktoratet for naturforvaltning

Føreord

Dette er den femte oppsynsrapporten for villreinjakta i villreinområda Setesdal Ryfylke, Setesdal Austhei og Våmur/Roan.

Rapporten er skriven av Reidar Johan Sandal, SNO Suldal.

Kontaktpersonar: Reidar Johan Sandal, Statens naturoppsyn, tlf. 90877844
Jøren-Ola Ousdal, Setesdal Ryfylke villreinlag, tlf. 38370563

Suldal, november 2006

Reidar Johan Sandal (Sign.)
SNO Suldal







Innhald

1 SENTRALE TAL FOR OPPSYNSOMRÅDA 5

2 OPPSYNET SINE PRIORITERINGAR 5

3 ORGANISERING 6

3.1 OPPSYNS-KO 6
3.2 MILJØOVERVAKING 6
3.3 MANNSKAP 7

4 STATISTIKK 7

4.1 ANMELDELSAR OG ÅTVARINGAR (OPS) 7

5 KOMMENTARAR TIL JAKTA 2006 8

5.1 SETESDAL-RYFYLKE 8
5.2 SETESDAL-AUSTHEI 8
5.3 VÅMUR-ROAN 8
5.4 GENERELT 8

VEDLEGG 1: FELLINGSSTATISTIKK SETESDAL VESTHEI – RYFYLKE VILLREINOMRÅDE, ETTER FELLINGSSTAD 9

VEDLEGG 2: FELLINGSSTATISTIKK SETESDAL VESTHEI – RYFYLKE VILLREINOMRÅDE, ETTER FELLINGSLØYVE 10

VEDLEGG 3: FELLINGSSTATISTIKK SETESDAL AUSTHEI VILLREINOMRÅDE 11

1 Sentrale tal for oppsynsområda

	Setesdal/ Ryfylke villreinområde	Setesdal Austhei villreinområde	Våmur Roan villreinområde	Sum
Teljande areal	6.778 km^2	2.397 km^2	75 km^2	9.250 km^2
Tildelt kvote	754	277	0	1031
Fellingsresultat	174	120	0	294

2 Oppsynet sine prioriteringar

Villreinen er ein spesiell ansvarsart for Noreg. I St.meld. nr. 21 (2004-2005), ”Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand” er eit av dei nasjonale resultatmåla at ”villreinens leveområder skal sikres”. I stortingsmeldinga er det vist til VISA-rapporten, ”Villrein og samfunn”, der det er tilrådd å oppretta to europeiske villreinregionar og ni nasjonale villreinområde. Setesdal Ryfylke, Hardangervidda og Nordfjella er føreslått som ein europeisk villreinregion. Vidare er det tilrådd å etablera eit meir heilskapeleg overvakingssystem for villreinen og villreinområda.

Utfordringane i høve villreinen og villreinområda er mange. Samhandling mellom ulike interessegrupper, utveksling av kunnskap og informasjon er her grunnleggjande.

I dag er det jakta som i stor grad påverkar storleiken på villreinbestandane, samansetjing dynamikk og åtferd. Det er spesielle utfordringar knytt til utøving av villreinjakt. Dette har m.a. samanheng med at jakta går føre seg i ope fjellterreng på større og mindre flokkar, og at det kan bli mange jegerar konsentrert innanfor avgrensa område der dyra står. Det har og vore ein del oppslag i media om skadeskyting og episodar med uforsvarleg og inhuman jakt. Det har difor i mange år vore sett inn ekstra ressursar både frå private rettshavarar og det offentlege for å få organisert eit effektivt oppsyn.

Villreinoppsynet har ei viktig oppgåve i arbeidet med å nå dei måla som er sett. Gjennom oppsyn i form av informasjon, rettleiing og kontroll med at jakta går føre seg på ein human og sikker måte, og at jegerane følgjer dei lovar og reglar som gjeld i jakttøvinga, kan det dokumenterast at jakta går føre seg på ein forsvarleg måte, og at det vert reagert på lovbrot.

Prioriteringane for villreinjakta i dei tre områda har difor vore slik:

1. Informasjon, rettleiing og oppsyn til stades i terrenget.
2. Kontroll med viltlova sine reglar om human og sikker jakt og om ettersøksplikt.
3. Heilskapleg oppsyn med lokale prioriteringar, t.d. kontroll med motorferdsel i utmark og vassdrag samt kontroll med verneforskriftene i verneområda.

3 Organisering

Planlegginga skjedde også dette året i regi av SNO i Setesdal-Ryfylkeheiane og villreinlaga. SNO inngjekk avtale med villreinlaga om kjøp av oppsynstenester i felt for inntil kr 94.479,- (av dette kr. 2.979,- overført frå i fjor). I tillegg var det sett av kr. 3.000,- til oppsynskurs/samling over to dagar på Skinnarbu. Totalt vart det brukt kr 103.396,-. Overforbruket på kr.5.917,- må dekkast opp i rekneskapet neste år. Setesdal-Ryfylke villreinlag foresto det administrative i denne avtalen. Avtalen vart finansiert av viltfondet over DN sitt budsjett (kr. 87.000,-) samt sjølvpålagt avgift frå grunneigarane og administrativt bidrag frå villreinlaga.

SNO stilte til rådvelde naudsynt materiell, kommunikasjons- og tryggleiksutstyr til personellet. Innleigd personell arbeidde etter skriftleg instruks frå SNO. Dagleg leiing av oppsynet var eit samarbeid mellom SNO i Setesdal-Ryfylke og oppsyns-ko på Skinnarbu.

3.1 Oppsyns-ko

Også i år var oppsynet under villreinjakta knytt til ein felles koordineringssentral. Oppsyns-ko er lokalisert til SNO sine kontor i Nasjonalparksenteret på Skinnarbu, i Tinn kommune. Det er politiet og SNO som utfører arbeidet. Senteret koordinerar åtte villreinområder. Forutan de tre villreinområda i sør, er dette Hardangervidda, Brattefjell-Vindeggen, Norefjell-Reinsjøfjell, Blefjell og Nordfjella. Her har naturoppsynet vore tilgjengeleg på telefon og VHF-radio for mannskapa i felt og på telefon for jegerane. Mannskapet på senteret har i samarbeid med SNO i Setesdal-Ryfylke stått for den daglege leiinga av oppsynet. Viktige oppgåver for senteret var også å driva service, informasjon og rettleiing for jegerane med omsyn til dyremeldingar og jaktutøving, samt eit kontaktpunkt for forvaltninga med omsyn til fallvilt, handtering av valdkart og liknande. SNO i Setesdal-Ryfylke bidrog med 96 timar på ko.

3.2 Miljøovervaking

Det er samla inn prøvar for NINA for analyse av radioaktiviteten på villrein i Setesdal-Ryfylke. Det var utvida prøvetaking i år. Frå vaksne dyr er det teke kjøttprøve, blodprøve, del av gevir og kjeve. Det vart samla inn 14 prøvar. Villreinlaga samla inn kjevar frå alle kategoriar dyr. Me takkar alle som har hjelp til med innsamlinga.

3.3 Mannskap

Følgjande personar har vore med på å utføra teneste i dei tre villreinområda:

Gunhild Eikhom	Villreinlaga
Karl Gunnar Hoven	”
Lars Egil Libjå	”
Martin Kolberg	”
Geir Moe	“
Steinar Sunde	Agder poltidistrikt
Peter Hermansen	SNO
Jon Erling Skåtan	”
Carl Erik Kilander	”
Jim Güttrup	”
Arne Petter Sarre	”
Reidar Johan Sandal	”
Hans Robert Karisari	Praktikant

Mannskapa har i hovudsak blitt disponert i patruljer med to personar. Tenesta i fjellet var lagt opp som ei turnusordning der det i hovudsak var ei patrulje midt i veka. I helgane var det to patruljer ute.

4 Statistikk

	2000	**2001**	**2002**	**2003**	**2004**	**2005**	**2006**
Timar i felt	1520	1104	1008	704	614	704	842
Teneste admin.	--	250 *	130*	150*	80*	80*	120*
Personar kontrollerte	133	68	49	53	39	69	62
Personar informerte i felt	50	30	20	42	41	85	31
Telefonar til oppsyns-ko	--	1495**	1293**	1200**	450**	1102**	1535**
Anmeldelsar	5	6	1	1	0	1	2
Åtvaringar (OPS)	12	18	5	2	0	1	2
Obs. skadeskoten rein	9	5	2	1	1	0	0
Avliva skadd rein (ikkje skadeskotne)	3	3	3	3	1	0	3
Funn av død/skoten rein	1	2	0	1	0	0	1

* ikkje eksakte tal (inkluderar teneste på oppsyns-ko). ** gjeld alle 8 villreinområda

4.1 Anmeldelsar og åtvaringar (OPS)

Ei åtvaring (OPS) gjeld viltlova, den andre verneforskriftene. To saker for brot på verneforskriftene er anmelde.

5 Kommentarar til jakta 2006

5.1 Setesdal-Ryfylke

Det vart brukt 615 timer i felt i Setesdal-Ryfylkeheiene. Jakta var prega av sydlege og austlege vindar. Dyra var i starten spreidde i småflokkar. Dei stod store deler av jakta i skogen. Dyra stod mykje i Bykle, på sør- og nordsida av Vatnedalen. I Søområda stod dei nord i Valle i starten. Det blei også dette året observert lite dyr i dette området.

5.2 Setesdal-Austhei

I alt 227 av timane i felt er brukte her. Dyra er mykje i skogen her, og det er svært vanskeleg å få oversikt. Også i år vart det observert ein god del dyr i dette området. I nordområdet, som dei siste åra har hatt lite dyr, vart det og sett ein del dyr, m.a. ein flokk på 100 dyr i Venevasshalla.

5.3 Våmur-Roan

Det var ikkje jakt i Våmur-Roan dette året..

5.4 Generelt

Jakta har vore roleg og fin. Det er ikkje meldt om stygge episodar eller skadeskotne dyr. Det er lite jegerar å sjå midt i vekene. Trykket er litt større i helgene og i starten og slutten av jakta. Oppsynet registrerer at jegerane er opptekne av å jakta på ein forsvarleg og fin måte, og dermed syner ein god jaktmoral.

SETESDAL VESTHEI - RYFYLKE VILLREINOMRÅDE 2006

Felling registrert på fallstedet (kommunen) der dyret ble skutt - uavhengig av kortopphav

Kommune	Tellende areal (da)	Tildelt kvote/ fordeling: Tildelt kvote	kalv	simle/ ungdyr	simle	fritt	Felling: KALV Bukk	KALV Simle	1½-ÅRING Bukk	1½-ÅRING Simle	VOKSEN Bukk	VOKSEN Simle	SUM Bukker	SUM Simler	SUM FELTE DYR I KOMMUNE	FELL. % av antall tildelt i kommunen
GJESDAL	20000	**2**	1	0	1	0	0	0	0	0	0	0	**0**	**0**	**0**	**0,0 %**
HJELMELAND	512350	**65**	32	10	13	10	0	0	0	0	0	0	**0**	**0**	**0**	**0,0 %**
FORSAND	425500	**52**	28	7	10	7	0	0	1	0	2	0	**3**	**0**	**3**	**5,8 %**
SULDAL	802165	**99**	50	14	19	16	2	2	2	1	4	3	**8**	**6**	**14**	**14,1 %**
SIRDAL	952296	**120**	61	18	24	17	1	1	0	0	1	1	**2**	**2**	**4**	**3,3 %**
KVINESDAL	443003	**56**	28	9	11	8	0	0	0	0	0	0	**0**	**0**	**0**	**0,0 %**
HÆGEBOSTAD	75500	**8**	5	0	1	2	0	0	0	0	0	0	**0**	**0**	**0**	**0,0 %**
ÅSERAL	393920	**50**	26	7	10	7	0	0	0	0	0	0	**0**	**0**	**0**	**0,0 %**
BYGLAND	543560	**58**	31	6	13	8	1	0	2	0	1	0	**4**	**0**	**4**	**6,9 %**
VALLE	610150	**77**	39	11	15	12	8	12	7	0	21	21	**36**	**33**	**69**	**89,6 %**
BYKLE	971433	**125**	63	19	25	18	19	15	6	3	11	19	**36**	**37**	**73**	**58,4 %**
VINJE	237091	**26**	17	2	5	2	0	0	0	0	3	1	**3**	**1**	**4**	**15,4 %**
ODDA	159475	**16**	8	3	3	2	1	0	0	0	0	2	**1**	**2**	**3**	**18,8 %**
Njardarheim **)	634270	**81**	41	12	16	12	6	7	7	2	16	9	**29**	**18**	**47**	**58,0 %**
SUM S-R 2006	**6146443**	**754**	**389**	**106**	**150**	**109**	**32**	**30**	**18**	**4**	**43**	**47**	**93**	**81**	**174**	**23,1 %**
%-fordeling kvote og felling			52 %	14 %	20 %	14 %	36 %		10 %	2 %	25 %	27 %	53 %	47 %		
SUM 2005	6778443	752	377	110	155	110	35	29	9	8	47	64	91	101	192	25,5 %
SUM 2004	6434148	839	426	127	167	119	27	19	10	4	35	56	72	79	151	18,0 %

**) Areal og kortene er fordelt på kommunene etter hvordan
Njardarheim har arealfordeling, men kort og all felling i NJH er vist i tillegg.
Arealfordeling i NJH:

Bykle	178	km2
Valle	130	km2
Sirdal	203	km2
Forsand	121	km2

	Årskalv	1½-åring	Voksne	Sum
Hanndyr	32	18	43	93
Hunndyr	30	4	47	81
Sum	62	22	90	174

SETESDAL VESTHEI - RYFYLKE VILLREINOMRÅDE 2006

Felling registrert i kommunen der kortet kommer fra/ fellingstillatelsener gitt

Kommune	Tellende areal (da)	Tildelt kvote/ fordeling: Tildelt kvote	kalv	simle/ ungdyr	simle	fritt	Felling: KALV Bukk	KALV Simle	1½-ÅRING Bukk	1½-ÅRING Simle	VOKSEN Bukk	VOKSEN Simle	SUM Bukker	SUM Simler	SUM FELTE DYR	FELL. %
GJESDAL	20000	**2**	1	0	1	0	0	0	0	0	0	0	**0**	**0**	**0**	**0,0 %**
HJELMELAND	512350	**65**	32	10	13	10	4	2	0	1	3	3	**7**	**6**	**13**	**20,0 %**
FORSAND	425500	**52**	28	7	10	7	0	0	1	0	3	1	**4**	**1**	**5**	**9,6 %**
SULDAL	802165	**99**	50	14	19	16	2	2	2	1	4	3	**8**	**6**	**14**	**14,1 %**
SIRDAL	952296	**120**	61	18	24	17	2	7	0	1	7	6	**9**	**14**	**23**	**19,2 %**
KVINESDAL	443003	**56**	28	9	11	8	1	0	1	0	4	2	**6**	**2**	**8**	**14,3 %**
HÆGEBOSTAD	75500	**8**	5	0	1	2	0	0	0	0	0	0	**0**	**0**	**0**	**0,0 %**
ÅSERAL	393920	**50**	26	7	10	7	2	4	0	0	2	7	**4**	**11**	**15**	**30,0 %**
BYGLAND	543560	**58**	31	6	13	8	1	0	2	0	1	0	**4**	**0**	**4**	**6,9 %**
VALLE	610150	**77**	39	11	15	12	1	2	1	0	2	4	**4**	**6**	**10**	**13,0 %**
BYKLE	971433	**125**	63	19	25	18	13	7	5	0	8	12	**26**	**19**	**45**	**36,0 %**
VINJE	237091	**26**	17	2	5	2	0	0	0	0	2	1	**2**	**1**	**3**	**11,5 %**
ODDA	159475	**16**	8	3	3	2	1	0	0	0	0	2	**1**	**2**	**3**	**18,8 %**
Njardarheim **)	634270	**81**	41	12	16	12	5	6	6	1	7	6	**18**	**13**	**31**	**38,3 %**
SUM S-R	**6146443**	**754**	**389**	**106**	**150**	**109**	**32**	**30**	**18**	**4**	**43**	**47**	**93**	**81**	**174**	**23,1 %**
%-fordeling kvote og felling			52 %	14 %	20 %	14 %	36 %		10 %	2 %	25 %	27 %	53 %	47 %		
SUM 2005	6778443	752	377	110	155	110	35	29	9	8	47	64	91	101	192	25,5 %
SUM 2004	6434148	839	426	127	167	119	27	19	10	4	35	56	72	79	151	18,0 %

**) Areal og kortene er fordelt på kommunene etter hvordan
Njardarheim har arealfordeling, men kort og all fellingen i NJH er vist i tillegg.
Arealfordeling i NJH:

Bykle	178	km2
Valle	130	km2
Sirdal	203	km2
Forsand	121	km2

	Årskalv	1½-åring	Voksne	Sum
Hanndyr	32	18	43	93
Hunndyr	30	4	47	81
Sum	62	22	90	174

SETESDAL AUSTHEI VILLREINOMRÅDE 2006

Kommunevis inndeling

		Tildelt kvote					*Felling*									
	Tell. areal	kalv	simle/ ungdyr	simle	fritt	SUM	kalv bukk	kalv simle	1½-åring bukk	1½-åring simle	voksen bukk	voksen simle	SUM bukk	SUM simle	ANT. TOTALT	FELL.-%
Bykle	266280	13	3	6	7	29	0	2	1	0	6	0	7	2	9	31,0%
Tokke	337650	18	6	11	6	41	4	0	2	2	5	3	11	5	16	0,0%
Vinje	174950	10	2	4	3	19	0	0	0	0	3	1	3	1	4	21,1%
Valle	424750	22	7	12	8	49	5	7	2	4	6	10	13	21	34	69,4%
Fyresdal	642000	34	11	19	12	76	6	1	5	0	4	8	15	9	24	31,6%
Åmli	156000	8	2	5	3	18	1	0	1	0	1	2	3	2	5	27,8%
Bygland	395900	21	6	12	6	45	5	3	7	2	4	7	16	12	28	62,2%
	1618650	126	37	69	45	277	21	13	18	8	29	31	68	52	120	43,3%
							18%	11%	15%	7%	24%	26%	57%	43%		
							28%		22%							

	Årskalv	1½-åring	Voksne	Sum
Hanndyr	21	18	29	68
Hunndyr	13	8	31	52
Sum	34	26	60	120